



KRD
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Søknadsskjema for Bolyst.

1. Hva er navnet på prosjektet?	StudiebygdA – Studiestaden Volda som nav for kompetanse, rekruttering og samhandling
2. Hvem er juridisk eier av prosjektet?	Volda kommune
3. Søknadsbeløp:	1700 000 NOK per år under prosjektperioden (3år)
4. Når skal prosjektet gjennomføres (fra – til)?	2011-2014
5. Hvem er kontaktperson(er)? Navn, adresse, telefonnummer og e-post.	Gunnar Andenes Kultur- og Næringsjef Stormyra 2 6100 Volda gunnar.andenes@volda.kommune.no 7005088055, 9470800430
6. Prosjekt- og/eller arbeidsgruppe(r) Gi en kort oversikt over organiseringen av prosjektet.	Sjå vedlegg 1
7. Gi en kort omtale av prosjektet. Maks 250 ord. Forsøk å være så operativ som mulig. Jfr også punkt om gjennomføringsevne i utlysningsteksten.	Navet i bulystprosjektet er Volda som studiestad. Kor attraktiv Volda er som studiestad, er mellom anna avhengig av kor attraktiv området er som abs-region, og omvendt. Namnet StudiebygdA er meint å vere eit samlande merkenamn alle partar i prosjektet kan identifisere seg med, og vil vere stolte ambassadørar for, anten dei representerar Volda kommune, privat næringsliv, frivillige organisasjonar eller Høgskulen i Volda. For å oppnå måla om å styrke Volda og omkringliggende kommunar som abs- regionen, og Volda som nasjonal og regional studiestad og kompetansesenter, vil vi arbeide ut frå tre strategiar: A. Tilretting for, og integrering av, tilflyttarar

	<p>til Volda gjennom StudiebygdA</p> <p>B. Strategisk og systematisk omdømmearbeid</p> <p>C. Støtte opp under oppretting av kulturarbeidsplassar</p> <p>Dette vil skje gjennom dialogmøte for utveksling av kunnskap og erfaringar mellom privat næringsliv, offentlege verksemder og frivillig sektor, kompetanseheving frå eksterne og interne krefter, og tverrfagleg samhandling. Innafor dei tre strategiane legg vi opp til tiltak som skal verke gjensidig forsterkande. Fleire av tiltaka vil overlappa to strategiar, nokre alle tre. Sjå detaljar under punkt 12 og 19.</p> <p>Gjennomføringsevna i prosjektet er sterkt, ved at fleire av dei største offentlege og private verksemndene i regionen er med i styringsgruppa. Arbeidet er i dag sterkt forankra på fleire nivå i Volda kommune, Høgskulen i Volda, Studenttinget og Studentsamskipnaden for Sunnmøre, Volda vidaregåande skule, Scana Volda as, Helse Sunnmøre Volda Sjukehus og Møreforsking AS. Saman med frivillig sektor, har alle desse aktørane samanfallande interesser i å gjere det lettare å kome til Volda som tilflyttar.</p>
8. Hvem er målgrupper for prosjektet?	<p>Dei tre strategiane for prosjektet vil ha ulike målgrupper.</p> <p>Målgruppene for strategi A vil vere alle tilflyttarar til Volda-regionen. Tilflyttarar vil vere studentar ved Høgskulen, elevar ved Volda vidaregåande skule, arbeidsinnvandrarar og arbeidssøkjande frå andre delar av landet. Folk som "fylgjer med på lasset" når kjærast, sambuar eller ektefelle får arbeid i regionen, er også i målgruppa, fordi det er svært viktig å ivareta heile hushaldet når ein av dei får jobb, og dei andre i familien skal følgje med.</p> <p>Enkelte tiltak vil vere mest aktuelle for studentar, medan dei fleste vil vere like aktuelle for alle tilflyttarar.</p> <p>Målgruppene for strategi B og C vil være private verksemder, Volda kommune og andre offentlege institusjonar, samt frivillig</p>

	sektor.
9. Hvordan skal målgruppen(e) informeres/inolveres i prosjektet?	Alle målgruppene er involvert i prosjektet både som initiativtakarar, som medlemmar i styringsgruppa og som ansvarlege for kvar sine delprosjekt.
10. Hva er mål og eventuelt delmål for prosjektet?	<p>Hovudmåla for bulystprosjektet StudiebygdA er å</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Styrke Volda og regionen som attraktiv abs-region 2. Styrke Volda som regional og nasjonal studiestad og kompetansesenter <p>Formålet med dette er å</p> <ul style="list-style-type: none"> • lette tilgangen til høgkompetent arbeidskraft for både offentlege og private institusjonar i regionen • sikre tilgangen til høgkompetente søkerar til stillingar ved Høgskulen i Volda • auke tale på godt kvalifiserte søkerar til studieplassane ved høgskulen <p>Dei to hovudmåla i prosjektet er gjensidig avhengig og forsterkande, og må sjåast i samanheng.</p>
11. Hvordan er målene forankret i lokale/regionale styringsdokumenter?	<p>Måla i StudiebygdA bygger opp under ei rekke strategiar som allereie ligg til grunn for målretta utviklingsarbeid i relevant institusjonar i kommunen og regionen.</p> <p>Volda kommune I samfunnssdelen av Kommuneplan, har Volda kommune som eitt av sine hovudmål for næringsutvikling sagt at kommunen skal ”utvikle Volda som studiestad med eit allsidig kulturtilbod, friluftsliv og positive nærmiljø. (Volda kommune skal) stimulere til betre kontakt mellom lokalsamfunn og studentmiljø.”</p> <p>I næringsplanenlegg kommunen sterkt vekt på kor viktig kommunen sitt omdømme er</p>

	<p>mellom anna for å trekke til seg tilflyttarar til regionen. Her peikar ein og på at omdømme ikkje er noko som berre skal "seljast inn", men som vert skapt i det einskilde møte mellom kommune og innbyggjar. Som ledd i å utvikle ein langsigkt strategi for omdømmearbeid, vil kommunen vurdere å søkje plass ved <i>Omdømmeskulen</i> hos Distriktsenteret.</p> <p>Kommunen legg og vekt på å vere attraktiv for <i>jobb nr 2</i>, altså å sjå heile hushaldet i samanheng, ikkje kvar arbeidstakar for seg. I tillegg vert Kulturnæringshagen trekt fram som eitt av det store satsingsfelta i planperioden.</p> <p>Høgskulen i Volda Høgskulen i Volda har som mål å vere "ein institusjon med eit levande, attraktivt og godt studiemiljø (...)" . Høgskulestyret vedtok i 2010 ein strategiplan for HVO sitt arbeid fram mot 2020. Vi trekker fram nokre av dei punkta i strategiplanen som vert gjensidig forsterka av StudiebygdA: HVO skal</p> <ul style="list-style-type: none"> • utvikle kunnskap, samfunns- og kulturforståing, evne til kritisk refleksjon og kvalifisere til arbeid i eit fleirkulturelt samfunn • legge til rette for og stimulere til livslang læring i nært samspele mellom utdanning og arbeidsliv, forsking og utviklingsarbeid • oppretthalde og utvikle eit godt, inkluderande og oversiktleg studiemiljø i nært samarbeid med studentorganisasjonar, studentsamskipnad og lokalsamfunnet • gi studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid <p>StudiebygdA er elles forankra i HVO si øvste leiing, ved leiarmøte (rektor, prorektor og dekanar).</p> <p>Sunnmøre i framtida I sluttrapporten frå scenarieprosjektet <i>Sunnmøre i framtida</i>, vert det slått fast at ein</p>
--	---

	<p>framover skal auke fokuset på kultur og oppleveling i regionen. Ein ser for seg at regionen skal vere ein boltre plass for kreative krefter og at lokalmiljøa er trekte fram som viktige for å sikre tilgang på kvalifisert personell både regional, nasjonal og globalt. I sluttrapporten gjer ein det også klart at det å vere attraktiv for eit breitt spekter av arbeidstakarar er avgjerande for Sunnmøre si framtid; stempelet <i>Testosteronkysten</i> må avlide. Gjennom StudiebygdA vil vi ha fokus på inkludering av kvinner, ungdom, arbeidsinnvandrarar – slike regionen må ha fleire av dersom Sunnmøre i framtida sin visjon skal verte realiserte.</p> <p>Søre Sunnmøre Regionråd</p> <p>Søre Sunnmøre Regionråd har kommunene på Søre Sunnmøre som medlemar. I vedtekten heiter det m ellom anna:</p> <p>§ 2. Føremål.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Samarbeidsorganet er eit interkommunalt organ skipa for å fremje regionen sine felles interesser. 2. Samarbeidsorganet skal gje uttale og sakleg informasjon retta mot offentlege politiske og administrative miljø. 3. Særleg viktige saker for samarbeidet er: <ul style="list-style-type: none"> - Regional utvikling - Samferdsel - Kompetanse- og næringsutvikling - Kultur, utdanning og oppvekstmiljø - Tiltak for å effektivisere og betre kommunal tenesteyting og forvaltning <p>Regionrådet har tidlegare fått utarbeida ei samfunnanalyser for Søre Sunnmøre (Strategiar og tiltak 2002-2005), den slår fast følgjande:</p> <p style="padding-left: 40px;">- "Søre Sunnmøre skal vere ein av dei beste regionane i landet å leve og arbeid i gjennom tilbod for alle aldrar, kjønn og behov. For å nå dette målet, må forholda leggast til rette for vekst og utvikling i regionen m.a. gjennom samarbeid og avklaring av ansvarstilhøve</p>
--	--

	<p><i>mellom næringslivet og kommunane – og kommunane seg i mellom..... ”</i></p> <p>Fylkesdelplan Kultur Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkesdelplan Kultur har som mål å etablere ”eit rettleiings- og verkemiddelapparat for kulturnærings- og kultur- og naturbasert næringsutvikling, med hoppid.no-standard”. Bakgrunnen er at behovet for etablerarkunnskap og forretningskompetanse også er stort innan kulturnæringsområdet.</p> <p>Møre og Romsdal fylkeskommune har saman med HVO tatt ansvar for SEANSE, Senter for kulturproduksjon i Volda. Det viser fylkeskommunen sin vilje til satsing på kulturfeltet, og har sikra SEANSE som ein nasjonal arena for kulturproduksjonar til den kulturelle skulesekken. Fylke har og medverka til etableringa av regionkontor for Vestnorsk filmsenter i Volda.</p> <p>Strategiplanen for Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS) I SfS sin strategiske plan vert det slått fast at samskipnaden skal vere ”ein avgjerande bidragsyter for ei innhaldsrik og mangfaldig studietid, (...) og ha eit godt og konstruktivt samarbeid med studentane, høgskulane og vertskommunane”. For å oppnå dette, vurderar SfS det å ha god kommunikasjon og samspel med vertskommunen og det lokale næringslivet som svært viktig. StudiebygdA vil vere et verktøy som bygger opp under desse måla.</p> <p>Overordna verksemdsplan for Studenttinget i Volda For STiV sitt arbeid i inneverande år, er eitt av hovudmåla å opprette eit forum for samarbeid og utvikling mellom kommunen, leiinga ved HVO, SfS og StiV. StudiebygdA er eit svar på dette målet.</p> <p>Vestlandsrådet Vestlandsrådet si plattform: Satsingsområde: Vestlandsrådet har vedteke følgjande seks satsingsområde for samarbeidet: o Internasjonalt arbeid</p>
--	---

	<ul style="list-style-type: none"> o Samferdsle o Innovasjon og næringsutvikling o Kystressursforvaltning, marin og maritim verdiskaping o Energi, miljø og klima o Kultur <p>Om kultur: Vestlandsrådet skal arbeide for å etablere ein eigen sjølvstendig regional kulturpolitikk i samarbeid mellom fylkeskommunane på Vestlandet.</p> <p>Vestlandsrådet vil også arbeide for å etablere nye og spanende kulturtiltak og institusjonar på Vestlandet.</p> <p>Vi vil: Politisk motverke ei sentralisering av kulturpolitikken Politisk arbeide for å få fleire større kultursatsingar til regionane Arbeide for FOU-/kompetanseutvikling innan kulturfellet</p>
12. Hva slags resultatindikatorer har prosjektet for måloppnåelse?	<p>Sjå vedlegg 2</p> <p>Beskriv hvordan dere skal arbeide for å finne ut om dere når målene i prosjektet?</p> <p>Møreforsking Volda vil stå som ansvarleg for ei følgjeevaluering i tillegg til ei effektevaluering av Bulystsatsinga som vil kunne dra veksel på følgjande metodar for måling av resultat:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Omdømmemåling vil bli gjennomført ved oppstart av prosjektet, og bli gjentek med eit års intervall gjennom heile prosjektperioden. Omdømmegranskninga vil ha tilflyttarar, studentar og elevar i den vidaregåande skulen som målgruppe og omfatte eit nedslagsfelt som er knytt opp mot aktivitetar som finn stad i regi av bulystprosjektet inkludert kultur. Ved at granskninga blir gjennomført årleg, vil ein kunne måle korleis ulike variablar si betydning blir vektlagt frå år til år, og såleis

	<p>nytte dette som resultatindikator på omdømme.</p> <ul style="list-style-type: none"> Registreringar av tal søkerar til kompetansestillingar og førsteprioritetssøkerar til studieplass vil også kunne vere eit mål på korleis bustadsattraktiviteten i regionen utviklar seg etter kvart som prosjektet skrid fram. Evaluator vil gjere registreringar av talet på søkerar knytt til vidaregåande skule, høgskule, sjukehus og maritime verksemder i regionen, og sjå dette i kva grad ein lukkast i å fylle opp skuleklassar, studieretningar og ledige stillingar. Følgje opp studentundersøkingar årleg. Studentane blir med jamne mellomrom utfordra til å svare på undersøkingar knytt til studiekvalitet. Som eit ledd i bulystprogrammet kan desse undersøkingane utvidast til å også å måle haldninger til StudiebygdA, bulyst, karriereplanar, haldningar til og ønskje om næringsetablering osb i regionen. StudiebygdA inneber auka satsing på institusjonar med regionalt og nasjonal t nedslagsfelt. Evalueringa vil måle i kva grad desse prosjekta er attraktive for personar og miljø utanfor eige lokalsamfunn og region. <p>Effektevalueringa vil i tillegg til å dra veksel på data nemnt ovenfor, også bygge på intervju med sentrale nøkkelinformantar knytt til gjennomføring og likeeins knytt til institusjonar som oppnår effektar av prosjektet i Volda og i omkringliggende kommunar.</p>
13. Beskriv kort hva dere tror vil ha størst læringseffekt for andre prosjekter/kommuner.	Den største læringseffekten for andre kommunar tilsvarande situasjon, vil vere på kva måte ein kan sette i verk samhandlingsprosessar som sameinar krefter frå privat næringssliv, offentlege instansar som kommunar og FoU-institusjonar i tillegg til frivillige organisasjonar. Her vil kunnskap om prosessane vere like viktige

	<p>som sjølve resultata ein oppnår.</p> <p>Prosjektet vil gi ny kunnskap om kulturen si rolle i integrering av tilflyttarar, på tvers av alder, kjønn, utdanning og etnisitet. Prosjektet kombinerer betydinga av faktorar som karrieremuligheter og infrastruktur med meir sosiale faktorar som miljø og muligheter for integrering.</p> <p>Eit rikt kulturliv er særstakt viktig for å skape bulyst. Kulturlivet vert vanlegvis halde oppe av eldsjeler. Auka kunnskap og erfaring knytt til medie- og kulturretta entreprenørskap vil vere nyttig kunnskap for prosjekt og regionar med ambisjonar om å satse på kulturbasert næringsliv.</p> <p>Den erfaringsbaserte kunnskapen studentorganisasjonane ervervar seg, vil bli spreidd gjennom deira organisasjonar. Det gjeld i første rekke korleis ein kan samhandle med både offentlege institusjonar og det lokale næringslivet, og korleis ein mobiliserar eigen studentmasse.</p> <p>Resultata av prosjektet vil ha overføringsverdi til andre studiebygder i Noreg. Det bør etablerast eit nettverk på kommunalt nivå mellom studiebygdene i distrikta.</p> <p>80% av studentane ved HVO er frå regionen. Auka søknad til høgskulen vil bidra til å sikre framtidig kompetansearbeidskraft, som lærarar, forskulelærarar, sosionomar og barnevernspedagogar for kommunane i heile regionen (Sunnmøre og Nordfjord).</p> <p>Eit meir mangfoldig tilbod av kompetansearbeidsplassar i regionen vil</p>
14. Hvor geografisk konsentrert vil prosjektet ha effekt? (sett kryss)	<p>a) helt lokal effekt</p> <p>b) effekten kommer i flere kommuner i regionen</p> <p>c) effekten kommer i heile fylket</p>

	<p>d) effekten kommer i eget fylke og i andre fylker x</p> <p>e) effekten kommer i eget fylke, samt i andre fylker og/eller utenfor Norge</p>
15. Gi en kort omtale over hvordan arbeidet eventuelt er tenkt slutført/videreført etter prosjektets slutt. Maks 250 ord.	<p>StudiebygdA vil ha positive effektar både for næringslivet, det offentlege så vel som private utleigaranar av husevere. Når arbeidet går over i driftsfase, vil kostnadane bli dekt av næringsliv og private huseigarar til dømes gjennom betalingstenester, som Utleigehjelp, annonsering på heimeside osb. Administrasjon av prosjektet vil vere eit samarbeid mellom HVO og Volda kommune. Prosjektet vil bidra til ei fellesskapskjensel og godt samarbeidsklima for StudiebygdA.</p> <p>Arbeidet med nytt kulturhus har fokus på å skape gode møteplassar for kulturell aktivitet, og ny kulturell infrastruktur vil tilføre ny energi. Å samle profesjonelle og frivillige krefter skaper ein god arena for kreativitet og utvikling. Kommunen har vedteke dei økonomiske rammene som sikrar drifta for denne satsinga i økonomiplan.</p> <p>Mediahagen skal etablerast i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og SIVA, og har eigne planar for vidare drift etter at prosjektperioden er over.</p> <p>Nærings- og kompetanseforum vil vere eit godt innarbeidd tiltak i samarbeid mellom kommune, HVO, STiV, Mediahagen og øvrig næringslivet, og vil fungere som eit samarbeidsforum mellom aktørane på lang sikt. Volda kommune vil ha ansvaret for å drifte samarbeidsforumet.</p> <p>Kreative Søre Sunnmøre vert vidareført i samarbeid mellom næringshagen og næringslivet.</p> <p>Omdømearbeidet vil vere ein kontinuerleg prosess. Ved å auke kompetansen og bevisstheit kring omdømearbeid breitt i alle deltagande organisasjonar, vil ein forankre</p>

	det til å bli ein integrert del av det daglege arbeidet. Nærings- og kompetanseforum vil vere det har det overordna ansvaret for å halde ved like omdømearbeidet for StudiebygdA. Kostnadane av tiltaket vert dekt av dei involverte partane.
<p>16. Hvilke effekter av prosjektet ser dere for dere at prosjektet skal føre til?</p> <p>Gi gjerne egne beskrivelser av effekter, og begrunn hvordan prosjektet kan føre til disse.</p> <p>Eksempler på effekter kan være:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nytablinger d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) Økt kompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og bredbånd) g) Styrke regionale sentra h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssvalg for bedrifter? i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål 	<p>Volda/Ørsta-regionen har blitt tettare integrert med kommunane på Ytre Sunnmøre gjennom Eiksundsambandet, og utgjer såleis ein felles arbeidsmarknadsregion. Ein ser også at det finn stad aukande samspel med omsyn til idrett og kultur, men at potensialet her langt frå er utnyttta.</p> <p>Kvivsvegen vil på liknande måte som Eiksundsambandet knyte Søre Sunnmøre sterke i hop med Nordfjord. Ei meir medvite satsing på StudiebygdA vil kunne gje ringverknader og vere med å forme ein ny og slagkraftig region. Offentleg sektor står overfor store utfordringar med omsyn til rekruttering. Gjennom StudiebygdA vil ein kunne styrke rekrutteringa både av lærarar, planleggjarar og sosialarbeidarar til distrikta.</p> <p>Gjennom auka bustadsattraktivitet og større fokus på integrering vil ein styrke tilgangen på arbeidskraft til næringar som slit med rekrutteringa, som til dømes maritim. Samstundes vil prosjektet gjennom å kunne tilby nye arbeidsplassar innan næringar knytt til media og kultur kunne bidra til ein meir variert arbeidsmarknad der miljø utanfor høgskulen vil kunne styrke dei allereie etablerte fagmiljøa. Høgskulemiljøa vil dra veksel på friskt blod, dei nye bedriftene - solid erfaring og kompetanse. Til saman vil dette utgjere eit stort potensiale for innovasjon og nyskapning.</p> <p>Volda og omland kan allereie no skilte med ei rekke festivalar som frisportfestivalen X2, DOKfilm og Animation Volda, og Sunnmøre Kammermusikk i tillegg til Dei Nynorske festspela. Gjennom å bygge opp ein infrastruktur kring desse satsingane som</p>

	<p>bidreg til kontinuitet, vil festivalane auke si rolle som attraksjonar for eit større publikum, både fastbuande og turistar. Bulystsatsinga vil dermed også kunne gje eit langt breiare tilbod til barn og unge med interesse for musikk, drama, film og idrett. Kultur som næring vil gje større muligheter for unge i etableringsfasen til å satse på å busetje seg i distriktet.</p>
--	--

I tillegg til dette skjemaet, må søkere legge ved:

- **Vedlegg 1 kart over Prosjekt og arbeidsgruppe**
- **Vedlegg 2 Resultatindikator for måloppnåelse**
- **Vedlegg 3 Budsjett med kostnadsoverslag**
- **Vedlegg 4 Finansieringsplan**
- **Vedlegg 5 Framdriftsplan og milepælsplan**